

Fakta om tid

KVA ER TID?

Tid er ikkje lett å forklare. Tid er mellom noko som startar, og noko som stoppar. Til dømes frå du begynner å springe, til du kjem i mål på 100-meteren.

Vi måler tida i sekund, minutt, timar, dagar og år.

KOR LENGE LEVER VI?

Menneske og dyr blir fødde, veks opp og døyr. Somme lever berre nokre dagar, andre blir gamle. Nokre få menneske har levd i over 120 år. Ei døgnfluge lever berre nokre timar.



KVA BRUKER VI TIDA PÅ?

Tenk at du lever til du blir 80 år.

Då vil du bruke rundt 27,5 år på å sove. Du vil bruke nesten 3,5 år på å ete, og du vil bruke 1,5 år på å gå på do.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 51.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5.